

Førde, 19.05.2014

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til å bygge Helgheim kraftverk i Jølster kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 17.01.2014 og til sakspapira som vi har lasta ned via nettet. Fråsegna vår er basert på søknaden med vedlegg, samtaler med lokalkjende, eigen kunnskap, og informasjon henta via nettet. På grunn av at svært mange saker er på høyring samstundes, har vi sett oss nøydde til å forenkle fråsegnene våre ein del. Vi vurderer ikkje biologisk mangfald i nemneverdige grad, og konsentrerer oss om å omtale friluftsliv, landskap og utbyggingsløyvingar.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.809. Helgheim kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Helgheimsdalen, og i noko mindre grad Husdalen, er ein heil del brukt til friluftsliv. Dette gjeld både korte turar, til dømes til støyane, og lenger turar inn i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Bruksomfanget er likevel mindre enn for til dømes nabodalføret i vest, Årdalsdalen, som er Jølster sin viktigaste inngangsport til landskapsvernområdet. Spesielt den regionale bruken er mindre for Helgheimsdalen enn for Årdalsdalen.

Turen til fjellet Skjorta på grensa til Gloppen kommune, er ein spesielt fin, men nokså lang tur. For Indre Sunnfjord Turlag er denne turen spesiell fordi dette var den aller første fellesturen dei arrangerte etter at Turlaget vart stifta i 1971. Seinare har dei arrangert ei heil rekkje fellesturar til Skjorta.

Stølsnotatet er eit dokument som vart utarbeidd i samband med etableringa av Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. I Vedlegg 1 (eigen fil) legg vi ved kopi av den delen av Stølsnotatet som gjeld Helgheimsdalen. Der er også friluftsliv omtala.

Ettersom utbyggingsområdet for Helgheim kraftverk ligg langs vegen innover dalen, ikkje i nemneverdige grad omfattar dei urørte delane av dalføret og heller ikkje omfattar viktige landskapselement som fine fossefall, vurderer vi konfliktnivået med friluftsliv som så lågt at det er godt innanfor det vi for vår del vurderer som akseptabelt.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Ei maksimal slukevne på ca. 167% av middelvassføringa, er innanfor det som er vanleg for småkraftverk i dag. Slepping av ei minstevassføring tilsvarande 5-persentil sommar er også OK for Helgheimselva. Av omsyn til biologisk mangfald (bekkekløft) bør ein likevel vurdere om minstevassføringa i Støylselva, 9 l/s, er stor nok. Kanskje bør den aukast noko?



2.2 Inntak og overføringer: Vi har ingen spesielle merknadar når det gjeld inntaket. Det har vi heller ikkje når det gjeld plasseringa og storleiken på dammen i Støylselva. Men vi saknar informasjon i søknaden om korleis anleggsrøret på 30 cm skal leggst i terrenget. **Vi føreset at dette skal gravast ned**, og at det ikkje berre skal leggst oppe på bakken. Ettersom trykket i røyret blir lågt, reknar vi med at nedgraving av røyret kan gjerast enklare, og med **mykje** mindre terrenginngrep enn nedgravinga av sjølve røyrkata.

2.2 Røyrgate: Vi har ingen spesielle merknader til røyrгатetraseen.

2.2 Kraftstasjonen: For vår del har vi ingen merknadar til plasseringa av kraftstasjonen. Avstanden til kyrkja er nokså kort, men vi reknar med at andre høyringsinstansar tek opp det, viss nokon vurderer det som eit problem. Av omsyn til fisken i elva, kan det kanskje også vere aktuelt å vurdere å flytte kraftstasjonen noko leger oppover i elva. **Vi ber NVE vurdere det.**

Elles ser vi med glede at det skal leggst stor vekt på støydemping, og det er også heilt nødvendig i dette tilfellet. Kanskje bør ein også vurdere vasskjølt anlegg?

Av kostnadsoverslaget ser vi at det er teke med installering av omløpsventil. Med tanke på at det er gyteområde i elva nedstrøms kraftstasjonen, er dette heilt nødvendig, og **vi ber NVE kome med eit uttrykkeleg krav om det!**

2.2 Vegbygging: Ettersom vegen til kraftstasjonen blir liggande i nærområdet til kyrkja, må det sjølvstakt leggst ekstra stor vekt på å ”gjere pent arbeid”. Bortsett frå det, har vi ingen merknadar.

2.2 Nettilknytning: Ingen merknadar.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

3.1 Hydrologi: Som nemnt tidlegare i fråsegna, ber vi NVE vurdere om minstevassføringa i Støylselva, 9 l/s, bør aukast noko. Med overføringsdammen på toppen av ei bekkekløft kan dette vere viktig for biologisk mangfald. For Helgheimselva er 36 l/s truleg OK.

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima: I konsesjonssøknaden er det omtala temperaturendringar på vatnet som kjem ut frå kraftstasjonen. Ettersom det er gyteområde kloss på nedsida av utløpet, ber vi NVE vurdere om desse temperaturendringane kan ha noko å seie for tidspunktet for klekking av ragna og/eller oppvekstvilkåra for yngelen. (Vi har ikkje nok kunnskap om det.)

3.5, 3.6, 3.7 og 3.10: Vi har ikkje hatt tid til å vurdere desse punkta i særleg grad. Men vi viser til det vi har skrive tidlegare i fråsegna om auka minstevassføring i Støylselva av omsyn til biologisk mangfald. Når det gjeld Akvatisk miljø, må omløpsventil i kraftstasjonen vere eit absolutt krav. Og så er det spørsmålet om temperaturendringar i utløpsvatnet frå kraftstasjonen har noko å seie.

3.9 Landskap og INON: Vi har ingen spesielle merknader til det som står i konsesjonssøknaden.

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv på side 1 i fråsegna.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Ettersom konfliktnivået med friluftsliv er så pass lågt, er dette ei utbygging som er akseptabel sett frå Sogn og Fjordane Turlag sin synsstad. Når det gjeld merknader elles, viser vi til det vi har skrive tidlegare i fråsegna.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

